

## Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.05.2021

## Tildeling Rom for møte 2021

### Forslag til vedtak:

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 75 000 kroner fordelt slik:

Søkn.nr.	Søkjar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Bremanger folkebibliotek	Snakkosalig	12 000
2	Etne bibliotek	Etnes språkkafé - utflykt	avslag
3	Fedje folkebibliotek	Rom for møte: temakvelder	10 000
4	Lærdal folkebibliotek	Møteplassen	15 000
5	Stord folkebibliotek	Digitalt folkeverkstad	15 000
6	Stryn bibliotek	Integrering i systova	13 000
7	Øygardsbiblioteka	Norsk trenings	10 000

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkerarar for grunngjeving av vedtaket.

### Samandrag

Fylkeskommunen har saman med Bergen Off. Bibliotek og Vestland Innvandrerråd blitt tildelt 1 420 000 kr frå Gjensidigestiftelsen til integreringsprosjektet Rom for møte 2019-2020. På grunn av Covid-19 har prosjektslutt blitt forlenga ut 2021. Prosjektet har som føremål å bidra til mangfold og betre integrering mellom nordmenn og innvandrarar, ved å ta i bruk felles arenaer og aktivitetar knytt til folkebiblioteka.

Vestland fylkeskommune har totalt 75 000 kr attverande midlar tilgjengeleg for utdeling til kommunar utanom Bergen i 2021. Dei kan søke om midlar til lokal integreringsaktivitet, og ordninga er nå utvida til å gjelde heile Vestland.

Per Morten Ekerhovd  
fylkessjef

Elin Golten  
sekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1   Oversyn søknadar Rom for møte  
2021

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen er styrka med oppgåver og funksjonar innan integreringsområdet. Dette byggjer vidare på fylkeskommunen sitt arbeid som eit tydeleg bindeledd mot kommunar, frivillig sektor og andre samarbeidspartar. Saka følgjer opp tidlegare vedtak (jf. PS 5/2020, PS 57/2020) og viser korleis fylkeskommunen kan samarbeide med kommunale folkebibliotek og frivillige for å oppnå politiske mål innan integrering, som ein del av inkluderingsfeltet.

### Folkebiblioteka som integreringsarena

Biblioteket, som eit gratis lågterskeltilbod for alle, er ein hjørnestein i mange lokalsamfunn. Folkebiblioteka har fornya seg som ein open og attraktiv møteplass for alle i kommunen med arrangement og andre tilbod. På integreringsområdet er det til dømes etablert språkkafear i mange biblioteket. Der får innvandrarar møte andre i lokalsamfunnet, utveksla kulturelle erfaringar og prøvd sine norske kunnskapar.

Dette har vore grunnlaget for at fylkeskommunen saman med Bergen Off. Bibliotek og Vestland Innvandrerråd har blitt tildelt 1 420 000 kr frå Gjensidigestiftelsen til integreringsprosjektet Rom for møte 2019-2020. Det har i perioden 2019-2020 blitt delt ut 439 500 kr til 20 ulike kommunale bibliotekprosjekt. Covid-19 og periodar med stans i samfunnet har påverka framdrifta i Rom for møte-prosjektet, med utsetting av planlagd aktivitet hos biblioteka og hos samarbeidspartnerane i prosjektet. Gjensidigestiftelsen har innvilga forlenging av prosjektet ut 2021.

Vestland fylkeskommune har kr 60 000 tilgjengeleg for utdeling til kommunane utanom Bergen i 2021. Samarbeidspartnerane i prosjektet har i tillegg blitt einige om å nytte kr 15 000 av midlar sett av til erfaringsutveksling i denne tildelinga, dvs. at ein totalt kan dele ut kr 75 000 i 2021.

Søknadene var gode og følgjer kriteria i ordninga, t.d. etablering av språkkafé og idear til lokalt samarbeid og vidareføring av aktivitet. Det er positivt at det kom inn søknadar frå heile fylket, i og med at ordninga i 2021 var utvida til å gjelde heile Vestland. Det var færre søknader i 2021 enn tidlegare, det kan m.a. henge saman med usikker situasjon rundt Covid-19 og at generelle restriksjonar har påverka bibliotekdrifta og brukaraktiviteten innan integrering.

### Føremål med ordninga

Prosjektet har som føremål å bidra til mangfold og betre integrering mellom nordmenn og innvandrarar i Vestland, ved å ta i bruk felles arenaer og aktivitetar. I prosjektet ønsker vi å få til auka samarbeid med lokale organisasjonar og institusjonar for å utvikle tiltak og arrangementet. Prosjektet har fokus på språkforståing og digital kompetanse, som sentrale inngangar til deltaking og inkludering i det norske samfunnet.

#### **Generelt:**

##### Vedtakskompetanse:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3: Utvalet har avgjerdsmynde i saker som gjeld fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadssordningar innanfor sitt arbeidsområde.

Budsjett 2021:	Sum kr 75 000
----------------	---------------

Søknadsfrist 2021:	03.05.2021
--------------------	------------

Vedtak kriteria:	Utval for kultur, idrett og integrering dato 25.3 PS nr 48/2021
------------------	--

Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida
--------------------------------------	-------------------------

#### **Vår 2021**

Tal på søknadar:	Tal søknader 7
------------------	----------------

Tal på søknadar som vart tildelt støtte:	Tal søknader 6
--	----------------

Samla søknadssum:	Sum kr 111 778
-------------------	----------------

Samla løyving:	Sum kr 75 000
----------------	---------------

**Fylkesdirektøren sine overordna kommentar til innstillinga:**

Prosjektet synar korleis fylkeskommunen kan samarbeide med kommunale folkebibliotek og frivillige for å oppnå politiske mål innan integrering. Alle søknader er i tråd med utlysinga

**Absolute kriteria**

Ut frå tilseigna frå Gjensidigestiftelsen til integreringsprosjektet Rom for møte 2019-2020.

**Vurderingskriteria**

Det blir gjort ei heilskapsvurdering av søknadane. Søknadane vert vurderte og prioriterte ut frå følgjande kriterium:

- tiltak som har eit tydeleg føremål, med plan og budsjett
- samarbeid med andre
- geografisk spreiing i fylket

Vurderingar og verknader

**Økonomi:**

Løyving på 75 000 frå Gjensidigestiftinga i 2021. Midlane skal nyttast til prosjekt i kommunar utanom Bergen.

**Klima:**

Ikkje relevant.

**Folkehelse:**

Tilgang til gode biblioteknester medverkar til å redusere sosial ulikskap, kan påverke livskvaliteten hjå mange brukargrupper og bidra til inkludering og integrering. I Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle heiter det at kulturopplevelingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Tiltaka støttar FN sine berekraftsmål innanfor ein sosial dimensjon. Ordninga støttar opp om utviklingsplanen for Vestland sitt mål om lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv.

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for inkludering og integrering.

**Konklusjon**

Fylkesdirektøren ser tilskotsordninga Rom for møte 2021 som eit viktig bidrag til fylkeskommunen sitt integreringsarbeid. Prosjektet synleggjer kva rolle biblioteka kan spele lokalt innan integrering som eit offentleg innsatsområde. Rom for møte-prosjekta er eit døme på korleis fylkeskommunen kan arbeide regionalt for å koordinere og støtte lokale integreringstiltak.